

200905411-23

312

Sakshandsamar:

Idar Sagen

E-post: idar.sagen@sfj.no

Tlf: 57 88 47 54

Vår ref.

Sak nr.: 10/2827-7

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

19852/10

Dykkar ref.

NVE 200905411-7 kv/inst

Dato

LEIKANGER, 01.07.2010

NVE, Konesjonsavd.,

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo


KV/INST

Høyringsuttale til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fardalen kraftverk i Årdal kommune

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 30.06.2010 som sak 79/10 og det vart gjort slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Fardalen kraftverk vil gje eit viktig grunnlag for seinare framlegging av konsesjonssøknad, men meiner at det må takast omsyn til merknader/innspeil i saksutgreiinga, kap. 4.

Med helsing



Svein Arne Skuggen Høivik
fylkesdirektør

Idar Sagen
Seniorrådgjevar

Vedlegg:

Saksutgreiinga vert sendt elektronisk til NVE

Mottakar (ar)

NVE, Konesjonsavd., Postboks 5091 Majorstua 0301 Oslo

Kopi til:

Saksbehandlar: Idar Sagen
Avdeling: Plan- og samfunnsavdelinga

Sak nr.: 10/2827-2

Saksutgreiing og fylkesrådmannen si tilråding

Høyringsuttale til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fardalen kraftverk i Årdal kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Fardalen kraftverk vil gje eit viktig grunnlag for seinare framlegging av konsesjonssøknad, men meiner at det må takast omsyn til merknader/innspeil i saksutgreiinga, kap. 4.

Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE 13. april 2010.
2. Brosjyre med samandrag av opplysningar i meldingsdokumentet, mars 2010.

Uprenta vedlegg:

1. Melding med forslag til utgreiingsprogram, mars 2010.
2. Sogn og Fjordane Turlag, brev til NVE 31.05.2010.

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

NVE har oversendt til uttale melding med forslag til utgreiingsprogram for Fardalen kraftverk i Fardøla i Årdal kommune. Nedbørsfeltet til elva over kote 1000 er tidlegare overført til Fortun kraftverk i Skjolden. Det er planlagt inntak ved Haug på kote 480 og tunnel ned til kraftstasjonen i nivå med Årdalsvatnet. Det er planlagt utløpstunnel til vatnet, tilkomsttunnel til området vest for elveløpet og ny bru over elva . Venta produksjon er 63 GWh med ein installasjon på 25 MW. Tiltakshavar er Fardal Energi AS som er 75% eigd av grunneigarar i området. Samla kostnader vil komme opp i ca. 170 mill. kroner.

Formålet med meldinga er å klargjere moglege konsekvensar som tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. Med grunnlag i meldinga og evt. merknader til denne, skal NVE fastsette program for aktuell konsekvensutgreiing.

Fylkesrådmannen meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Fardalen kraftverk vil gje eit viktig grunnlag for seinare framlegging av konsesjonssøknad, men meiner at det må takast omsyn til merknader/innspeil i saksutgreiinga, kap. 4.

2. LOVER/REGLAR/PLANDOKUMENT

Lovgrunnlag

I tråd med plan- og bygningslova sine reglar om konsekvensutgreiing og tilhøyrande forskrift, skal vasskraftprosjekt med årleg produksjon over 40 GWh konsekvensutgreiast med omsyn til verknader for miljø, naturressursar og samfunn. Gjennomføring av prosjektet vil krevje at det ligg føre konsesjon etter vassressurslova og energilova, utseppsløyve etter forureiningslova og avklaring etter kulturminnelova.

Kommunal arealplan. Fylkesdelplan for arealbruk.

Tiltaks- og influensområdet er avsett som LNF-område i arealdelen i kommuneplanen. Utladalen - Hurrungane (Nr. 29 i Fylkesatlas. Geografisk verdi: Nasjonal) dekkjer deler av Fardalen inkludert området der inntaket til kraftverket er planlagt.

Utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, april 2010.

Utladalen – Hurrungane er markert tilsvarande i utkastet til regional plan som i fylkesdelplan for arealbruk. Tindevegen mellom Fardalen i Årdal og Turtagrø i Luster er omtalt som ei viktig ferdselsåre for turistar.

I planutkastet er Årdalsvatnet med ei randsone rundt markert som fjordlandskap med regional verdi. I forslaget til fylkeskommunale retningslinjer er fjordlandskap med regional verdi gitt 3. prioritet med tilhøyrande forslag til retningslinje:

Interesser av stor verdi. Med avbøtande tiltak som i all hovudsak fjernar konflikten, vil fylkeskommunen normalt vere positiv til å rå til at konsesjon blir gjeve.

Samla plan for vassdrag

Direktoratet for Naturforvaltning har 22.06.2009 gitt fritak for handtering av Fardalen kraftverk i høve til Samla plan.

3. FAKTA/SAKSTILFANG

Meldinga som er oversendt frå NVE består av eit meldingsdokument med forslag til utgreiingsprogram og i tillegg ein informasjonsbrosjyre med samandrag av opplysningane i meldinga. Materialet er gjennomgått av administrasjonen og brosjyren er vedlagt saksutgreiinga.

4. FYLKESRÅDMANNEN SI VURDERING

Automatisk freda kulturminne:

Fylkesrådmannen kjenner ikkje til registrerte automatisk freda kulturminne innafor tiltaksområdet. Området har likevel potensiale for funn av spor etter førhistorisk aktivitet.

Kulturavdelinga meiner det må gjennomførast kulturminneregistrering i alle areal som vert påverka av inngrep. Undersøkingsplikta § 9 i Lov om kulturminne må oppfyllast som del av konsekvensutgreiinga. På denne måten vil det vere mogeleg å gjere naudsynte justeringar i høve registrerte kulturminne før konsesjonssøknaden vert handsama. Dette vil også gje eit godt grunnlag for dei kulturminnefaglege vurderingane som vert lagt til grunn for eit eventuelt konsesjonsvedtak.

Alle registrerte automatisk freda kulturminne i det aktuelle tiltaksområdet skal merkast på kart. Både visuell og fysisk påverknad av tiltaket i høve automatisk freda kulturminne skal gjennomgåast og skildrast. Det skal gjerast greie for konfliktgrad og sårbarheit til dei registrerte kulturminna. Det skal vidare gjerast greie for avbøtande tiltak som kan minske dei negative verknadane for dei automatisk freda kulturminna.

Kulturminne frå nyare tid:

Heile kraftstasjonen med nødvendige tunellar for vassføring, er tenkt plassert i fjell. Steinmassane frå tunell og kraftstasjon skal så tippast direkte i vatnet og planerast ut. Kulturavdelinga syner her til uttale frå Stiftinga Bergens Sjøfartsmuseum. Dersom det vert aktuelt med massedeponi på land, må det gjerast ei utgreiing av korleis eit slikt massedeponi vil påverke viktige kulturlandskapselement som steingardar, vegar, bakkemurar og andre spor etter tidlegare bruk av landskapet.

Andre innspel til utgreiingsprogrammet.

- Planlagde vegar/bruer/tunnelar/inntaksarrangement og massedeponi skal framstillast på økonomisk kartverk. Visualisering med foto/skisser.
- Konsekvensar av tiltaket på grunn av redusert vassføring i elva skal så langt råd er visualiserast med foto (eit utval foto av godt synlege deler av utbyggingsstrekninga med typiske vassføringar før og etter utbygging)
- Slepping av alternative minstevassføringar i elva om sommaren skal vurderast. Konsekvens i form av redusert energiproduksjon skal bereknast
- Alternativ plassering av kraftstasjon høgare opp frå Årdalsvatnet og med utløp til Fardøla skal vurderast. Konsekvens i form av redusert energiproduksjon skal bereknast.

Utkast til regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging, april 2010.

Utladalen - Hurrungane er markert som friluftsområde med nasjonal verdi og dekker deler av Fardalen, inkludert området der inntaket til kraftverket er planlagt. Tindevegen mellom Fardalen i Årdal og Turtagrø i Luster er omtalt som ei viktig ferdselsåre for turistar.

I planutkastet er Årdalsvatnet med ei randsone rundt markert som fjordlandskap med regional verdi. I forslaget til fylkeskommunale retningslinjer er fjordlandskap med regional verdi gitt 3. prioritet med tilhøyrande forslag til retningslinje:

Interesser av stor verdi. Med avbøtande tiltak som i all hovudsak fjernar konflikten, vil fylkeskommunen normalt vere positiv til å rå til at konsesjon blir gjeve.

5. KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen meiner at meldinga med framlegg til utgreiingsprogram for Fardalen kraftverk vil gje eit viktig grunnlag for seinare framlegging av konsesjonssøknad, men meiner at det må takast omsyn til merknader/innspel i saksutgreiinga, kap. 4.